

## Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021

**Representanten Arve Helle (A)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i E134 Haukelivegen AS. Helle gjekk frå under vurdering av spørsmål om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Helle var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Helle gjekk frå under behandling av saka.

**Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (SP)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi hennar bror er styremedlem i E134 Haukelivegen AS. Fylkestinget vedtok samrøystes at Bergsvåg Ekrheim var habil. Bergsvåg Ekrheim tiltredde saksbehandlinga.

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Vestland fylkeskommune syner til vedtak i Stortinget hausten 2020, der Stortinget ber regjeringa om å legge fram sak om at Staten skal overta garantiansvaret for bompengeprosjekt på riks- og europavegar.
2. Vestland fylkeskommune har allereie eit samla garantiansvar på etablerte bompengeprosjekt på omlag 18 mrd kroner og har såleis ikkje høve til å stille garantiansvar for fleire av Staten sine eigne vegar.

### Avrøysting

*Det var 60 representantar til stades*

Andersen sitt forslag fekk 4 røyster (FNB, UA) og fall.

Innstillinga punkt 1-2 vart vedteken mot 11 røyster (FNB, FRP, UA, R)

Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin godkjenning, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneoppnak for bompengeselskapet, avgrensa til 1 025 mill. kr for prosjektet E134 Røldal - Seljestad med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar.
2. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggjeperioden, og gjennom innkrevningsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. Innkrevningsperioden kan i særskilte tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 23 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantisten sine utlegg kan dekkast gjennom ein auke av gjennomsnittstaksten med inntil 20 pst. og ein forlenging av bompengeperioden med inntil 5 år. Garantien gjeld inntil bompengeselskapet si gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Garantisten har rett til å sikre garantiane med 1. prioritets pant i bompengeselskapets rett til å krevje inn bompengar.
3. Vestland fylkeskommune syner til vedtak i Stortinget hausten 2020, der Stortinget ber regjeringa om å legge fram sak om at Staten skal overta garantiansvaret for bompengeprosjekt på riks- og europavegar, og ber om at dette vert følgd opp på noverande og framtidige lånegarantiar.